

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	18.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/66281-7
<b>Dykkar referanse</b>	22/5461 - 22/74144
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Uttale - dispensasjon - bustad - gnr. 428 bnr. 107 - Kvalheim nedre - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 27.09.2022.

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF for oppføring av ein einebustad på eigedomen. Tiltaket krev også dispensasjon om byggegrense frå fylkesveg.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-føremål. Området grensar til eldre reguleringsplan for Kuvågen, men er ikkje omfatta av den.

### Uttale

Det er opplyst at eigedomen vart frådelt i 2004. Vi meiner dette ikkje grunnlag for at det skal gjevast løyve til å bygge på eigedomen i dag. Det er til dømes ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar langs fylkesvegen, så dersom ein akseptera nye bustadar her så legg ein opp til ei billbasert utbygging.

Vi skreiv i brev datert 06.07.22 at fordi eigedomen vart frådelt i 2004 så er det mogleg at eigedomen har eit avkøyrsløyve. Det er ikkje opplyst i oversendinga om det vart gjeve avkøyrsløyve ved frådelinga.

Dersom kommunen gjev løyve til dispensasjon frå arealføremål, og til oppføring av bustad på eigedomen vil vi handsame søknad om byggegrense frå fylkesveg og søknad om utvida bruk av avkøyrsla. Det kan komme krav til utforming av avkøyrsla.

Med helsing

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*